



**SFE**

# FRÅSEGN OPENHEITSLOVA

# FRÅSEGN OPENHEITSLOVA

Openheitslova er gjeldande frå 01.07.2022. Selskap som oppfyller to av dei følgande kriterier er omfatta av lova:

- Salsinntekter over 70 millionar
- Balansesum over 35 millionar
- Over 50 tilsette

Openheitslova har som formål å fremme verksemdene sin respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Sogn og Fjordane Energi skal kvart år gjere greie for aktsemdsvurderingar i samsvar med openheitslova og offentleggjere desse. I tillegg skal selskapet regelmessig og ved vesentlege endringar vurdere leverandørar opp mot brot på grunnleggande menneskerettar.

## Innleiing

Konsernet Sogn og Fjordane Energi (SFE) sin visjon er: «Vi skaper den fornybare framtida.» Som produsent av fornybar energi frå vass- og vindkraft gir vi viktige bidrag vi til det grønne skiftet.

SFE var pr 31.12.22 eit konsern der følgande selskap er omfatta av openheitslova:

- Sogn og Fjordane Energi AS (morselskap)
- SFE Produksjon AS
- Linja AS
- Firdakraft AS
- Lutelandet Energipark AS
- Svelgen Kraft Holding AS
- Svelgen Kraft AS

Denne fråsegna er gjeldane for alle desse selskapa.

8. mars 2023 vart Linja AS fisjonert og kraftnettdelen av selskapet vart fusjonert saman med Mørenett AS. SFE eig 33,3% av det fusjonerte nettselskapet. Den delen av Linja AS som ikkje vart fusjonert med Mørenett AS fekk namnet SFE Fiber AS og er 100% eigd av SFE.

Konsernstyret i SFE består av seks aksjonærvalde styremedlemmer og tre styremedlemmer valt av dei tilsette. Det øverste organet i SFE er generalforsamlinga.





### **Forankring av ansvar**

Forretningsetikk, berekraft og samfunnsansvar er integrert i SFE si verksemd.

Vi har ein styreforankra innkjøpsstrategi som skal sikre at menneske- og arbeidstakarrettar vert ivaretekne i SFE si leverandørkjede.

Etiske retningsliner for leverandørar ligg på våre heimesider. Desse stiller krav til leverandørane og deira leverandørkjede for å ivareta gjeldane lover og reglar, mellom anna sentrale FN og ILO-konvensjonar.

SFE si Verdi- og Etikkplattform stiller krav til SFE sine tilsette si aktsemd og vurderingar for at SFE skal opptre etisk rett og ansvarleg.

### **Aktsemdvurderingar**

Gjennom aktsemdsvurderingane som SFE gjer skal vi sørge for å ha oversikt over og vurdere risiko for brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til selskapet sine aktivitetar og forretningsforhold.

Aktsemdsvurderingane vert inndelt i seks trinn:

Trinn 1: Forankring av ansvarligheit

Trinn 2: Kartlegge negative konsekvensar som verksemda har bidrege til

Trinn 3: Iverksette tiltak for å stanse, forebygge og avgrense negative konsekvensar

Trinn 4: Følge opp tiltaka og vurdere om dei har fungert etter planen

Trinn 5: Kommunisere med berørte interessentar korleis vi har handtert negative konsekvensar

Trinn 6: Sørge for eller samarbeide om gjenoppretting og erstatning der det er nødvendig



Vi gjennomfører ei risikobasert tilnærming basert på forholdsmessighetsprinsippet i openheitslova. Prosessane og rutinene i arbeidet med openheitslova er knytt til verksemda si forretningsverksemd, leverandørkjedane og forretningspartnarane. Eiga verksemd er vurdert til låg risiko grunngjeve med gode interne prosessar og høg grad av compliance mht etablert norsk avtale-, lov- og regelverk.

SFE har kontakta eit utval av leverandørar og stilt spørsmål til leverandørane sitt arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i deira verdikjede. Ut frå svara vi har fått vil vi prioritere oppfølging av bestemte leverandørar for å innhente ytterleggare dokumentasjon om deira arbeid med openheitslova.

SFE vil vidare følge opp kartlegginga av negative konsekvensar og handtere eventuelle slike i samsvar med dei definerte trinna i openheitslova.

### **Resultat av aktsemdsvurderingane**

Selskapet har ikkje avdekkja brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold eller vesentleg risiko for brot eller negative konsekvensar. Vi opplever at dialogen med leverandørane er ein viktig del av arbeidet med openheitslova. Vi vil derfor utvikle denne dialogen og vil etterspørre ytterleggare dokumentasjon på leverandørane si oppfyljing av openheitslova.

Selskapet har ikkje avdekkja tilfeller som krev gjenoppretting eller erstatning.

Sandane 7. juni 2023

## **Styret i Sogn og Fjordane Energi AS**

**Sigurd Erlend Reksnes**  
- styreleiar -

**Silje Skaar Sunde**  
- nestleiar -

**Henrik Oppen**  
- styremedlem -

**Olin Johanne Henden**  
- styremedlem -

**Arvid Andenæs**  
- styremedlem -

**Jan Helge Dale**  
- styremedlem -

**Kevin Denton**  
- styremedlem -

**Mons Solheim**  
- styremedlem -

**Ragnhild Gundersen**  
- styremedlem -

**Johannes Rauboti**  
- konsernsjef -

Sandane 21. juni 2023

## **Styret i SFE Produksjon AS**

Johannes Rauboti  
- styreleiar -

Asle Grotle  
- nestleiar -

Ole Sunnset  
- styremedlem -

Oddrun Slagstad  
- styremedlem -

Eivind Risøy  
- styremedlem -

Knut Arild Flatjord  
- dagleg leiar -

Sandane 21. juni 2023

## **Styret i Lutelandet Energipark AS**

**Knut Arild Flatjord**  
- styreleiar -

**Bjarte Lofnes Hauge**  
- styremedlem -

**Stig Svalheim**  
- dagleg leiar -

Sandane 21. juni 2023

## **Styret i Firdakraft AS**

Knut Arild Flatjord  
- styreleiar -

Lars Johan Sivertsen  
- dagleg leiar -



Sandane 23. juni 2023

## **Styret i SFE Fiber AS**

Johannes Rauboti  
- styreleiar -

Bjarte Lofnes Hauge  
- dagleg leiar -

Sandane 21. juni 2023

## Styret i Svelgen Kraft AS

Knut Arild Flatjord  
- styreleiar -

Stig Falling  
- styremedlem -

Erlend Bårgard  
- styremedlem -

Terje Søvikhagen  
- styremedlem -

Kjetil Mardal  
- styremedlem -

Bengt Haugnes  
- styremedlem -

Martin Holvik  
- styremedlem -

Lars Johan Sivertsen  
- dagleg leiar -

Sandane 21. juni 2023

## Styret i Svelgen Kraft Holding AS

Knut Arild Flatjord  
- styreleiar -

Stig Falling  
- styremedlem -

Erlend Bårgard  
- styremedlem -

Terje Søvikhagen  
- styremedlem -

Kjetil Mardal  
- styremedlem -

Bengt Haugnes  
- styremedlem -

Martin Holvik  
- styremedlem/dagleg leiar -